
Saknr: 2020/45922-29
Saksbehandlar Marta Rongved Dixon
Dato: 22.04.2020

Til: Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektøren for innovasjon og næring

Krisestøtte til destinasjonsselskapa i Vestland - ei orientering

Situasjonen for reiselivet i Vestland er som kjent dramatisk. Fylkeskommunen samla sentrale reiselivsaktørar til Reiselivsforum Vestland 10.mars, og vi delte der informasjon om situasjonen og tankar om kva ein kan gjere i det vidare. Det kom der fram at det er særskilt viktig at destinasjonsselskapa er i stand til å rådgje og støtte reiselivsbedriftene i ei krevjande tid. Dei må også være i stand til å planlegge korleis ein skal få oppatt aktiviteten i næringa, dvs. marknadstiltak. Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har sidan dette hatt nær kontakt med representantane frå reiselivsnæringa, og samrådingar med m.a. Innovasjon Norge. Det vart utforma ei eiga støtteordning for støtte til reiselivet gjennom destinasjonsselskapa, og denne vart lyst ut. Vi har no behandla desse søknadane.

Då situasjonen for reiselivsnæringa er prekær var det viktig å kome raskt i gang med tiltak. Mange av destinasjonsselskapa har permittert store deler av arbeidsstokken og kan utan nok tilsette i arbeid ikkje svare på reiselivsbedriftene sine behov for hjelp eller arbeide med å få oppatt aktiviteten. Det vart derfor utforma ein [utlysingstekst](#) som inviterte dei åtte destinasjonsselskapa i Vestland til å søkje om 1) midlar til å støtte og rådgje reiselivsbedriftene og 2) marknadsførebuande tiltak for ein kriseramma sesong. Midlane blei lyst ut med søknadsfrist 17 april, og alle dei 8 destinasjonsselskapa søkte. Samla søknadssum er på vel 13,7 mill kr.

Fylkesutvalet vedtok i PS 42/2020 å løyve kr 22 100 000 til særskilte tiltak som skal avhjelpe situasjonen for dei næringane som er særleg ramma av korona-krisa. Her blir reiselivsnæringa og beslekta næringar særskilt nemnd. I saksframlegget kjem det fram at Vestland fylkeskommune ynskjer å støtte destinasjonsselskapa i fylket slik at desse klarer seg gjennom krisa, og kan bistå reiselivsbedriftene og kan hjelpe til med å dra i gang att aktiviteten etter kvart som dette vert mogeleg. Fylkesutvalet gav fylkesrådmannen mynde til å gjennomføre tiltaka.

På grunnlag av ovannemnde er destinasjonsselskapa no tildelt 8,5 mill kr som skal gjere dei i stand til å støtte og rådgje reiselivsbedriftene i ei krisetid, og arbeide med å få oppatt aktiviteten.

Vestland fylkeskommune har også vore i dialog med reiselivsansvarlege i dei andre fylkeskommunane i Noreg. Fleire har eigne krisetiltak for reiselivsnæringa, og andre var i dialog om dette. Denne oversikten er datert 20. april 2020:

Andre fylkeskommunar sine tiltak for reiselivet (i tillegg til BIO midlar, som alle stiller til rådighet):

- Rogaland: 5 MNOK krisepakke til reiselivet v/destinasjonsselskapa, handsaming i FUV 28/4.
- Møre og Romsdal: 1,6 MNOK til Møre og Romsdal Reiseliv. 10 MNOK reiseliv utviklingstiltak

- Innlandet: 6 MNOK krisepakke sett av, 7 destinasjonsselskap
- Nordland: 12 MNOK til innovasjonsselskap og inkl destinasjonsselskap. Ber IN lempe på innovasjonsskrav.
- Troms og Finnmark: 40 MNOK ekstra til næringsutvikling, særleg retta mot næringer med særlege utfordringar
- Vestfold og Telemark: Styrke og sikre finansiering for Visit Vestfold og Visit Telemark: 2,5 MNOK
- Viken: 22 MNOK til næringsutvikling + indirekte støtte reiseliv gjennom KulturArvOpplevelser. Reiseliv særleg nevnt under ekstra støtte til næringsutvikling, særleg distriktskommunar
- Oslo: Kr 13 825 000 til Visit Oslo utbetalt (vanleg tilskot). Gratis leie av gategrunn til reiselivsbedrifter. Omsetningsavgift for alkohol redusert med 50% og betaling utsatt til september.